


FANGST OG SKJELPRØVAR I ESPEDALSELVA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg årsfangst av laks i perioden 1988-2015 var 403 (snittvekt 3,9 kg). Før 1988 var det registrert små fangstar enkelte år, men det er ikkje kjent om dette er reelt eller skuldast manglande innrapportering. Også enkeltår etter 1988 ser det ut til å vera manglande rapportering. I 2016 vart det fanga 924 laks (snittvekt 4,8 kg), det beste resultatet for heile perioden.

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1988-2009 var 127 fisk (snittvekt 1,0 kg). Fangstane avtok frå 2000 og utover, og frå 2010 har sjøauren vore freda. I 2016 vart det fanga 65 sjøaure, 62 av desse vart sett ut att.

Utviklinga i sjøaurefangstane i Espedalselva frå midt på 1990-talet stemmer godt over eins med det ein har sett for resten av fylket (**figur 1**, linje). Det er ikkje tilfelle i same grad for laks, fleire av åra avvik laksefangstane markert frå trenden i fylket elles. Fangsten av laks i 2015 og 2016 var relativt sett klart betre enn snittet for resten av fylket.




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Espedalselva i perioden 1978-2016 (stolpar). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøen) og laks (>3 kg, blå), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøen), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Rogaland (utanom Espedalselva). Sjøauren er freda frå 2010. **NB!** Figuren inkluderer gjenutsett laks i 2012.

Analysar av skjelmateriale

Sidan 2005 er det analysert skjelpørvar av 1178 laks og 10 sjøaure i Espedalselva (**figur 2**). I 2016 mottok me prørvar av heile 387 laks (46 % av avliva fangst).

Innslaget av rømt oppdrettslaks har stabilt lågt etter 2009, andelen har vore ca. 2% eller mindre sidan 2010. I 2016 var andelen 0,3 % (ein oppdrettslaks).



FIGUR 2. Antal skjelpørvar frå Espedalselva (stolpar) og andel rømt oppdrettslaks (linje).

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf. 55 31 02 78 – Fax. 55 31 62 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no